

## Referat frå styremøte i Oppland Bygdekvinnelag lørdag 11.januar 2020 kl.11.00

### Tilstades:

Marit Tordhol, Helga Rørholt Moe, Kari Gaarder Hubred, Mari Marthe Graff Ulsrud, Kristine Grimstad Veset (OBU), Bjørnhild Kihle (OBL)

Anne Grethe Moen og Astrid Stubrud møtte som varamedlemmer

Anne Irene Aaberg møtte som regnskapsfører

Jorunn Løvdal møtte som sekretær ang. årsmøtet

**Forfall:** Nanna Ringen og Borgny Sletten

### Sakliste:

#### 01/20

Godkjenning av innkalling og saksliste.

Godkjent

#### 02/20

Godkjenning av protokoll frå møte 8. september 2019

Godkjent

#### 03/20

Oppsummering av regionmøtene på DaleGudbrandsdal Gard 2. 11 og på Sillongen 16.11:

Einar Risvik fra Nofima og "Skolematens Venner" heldt to gode innlegg om *Bygg* og om *Skolemat*.

Tema var treffande og engasjerande.

Det blei meldt om god aktivitet i lokallaga.

"Hjernerdugnad Folkehelse" resulterte i veldig mange innspel. Dei er samla i eige skjema. Skjema blir om mulig meir bearbeidd og lagt ut på heimesida som ein ide'bank.

Totalt var vi ca 70 desse to dagane.

#### 04/20

Medlemstalet viser 849 betalande i 2019. Det er registret 1138 medlemmer. Vi antek det er mange som er innmeldt i forbindelse med verving i november og betaler først i 2020.

Nordre Ål BK er nedlagt. Leder skriv personleg helsing til alle medlemmer. Utsending via Regionkontakt. Det same er gjort til andre lag som er nedlagt.

## **05/20**

Medlemstalet viser at vi kan sende 4 delegater + leder til Landsmøtet i NBK i 2020.

## **06/20**

Anne Irene Aaberg gjekk gjennom regnskapet 2019.

Ein del utgifter for 2018 kom først i 2019 og viser dermed for høge utgifter.

Budsjett for 2020 gjennomgått.

Vedtak: Regnskap og budsjett legges fram til godkjenning for årsmøtet.

## **07/20**

Anne Irene har sagt frå seg regnskapsførerjobben, og vi treng ny. Oppfordring til alle lokallaga har ikkje gitt resultat. Kari spør ein aktuell kandidat. Dersom det ikkje fører fram går vi ut på nytt via mail og facebook.

Påminnelse til styremedlemmer; Godtgjørelse under 10 000 kr skal ikkje på skattemeldinga!

## **08/20**

Innkomen sak fra Ingerid i Lågen BK.

Leder følger opp mot NBK om laget kan koblast saman med organisasjoner som er knytte opp mot Extramiddel/Helse og rehabilitering. Blir evt. sak til Landsmøtet.

## **09/20**

Annonsealg årsmeldinga.

Styret skaffer ca. 6 annonser kvar i sitt lokalmiljø.

Anne Irene har skjema med tidligare bidrag. Denne blir justert og sendt ut for oppfølging.

Priser:

1/1 side1000,- kr

1/2 side600,- kr

1/4 side400,- kr

Rubrikk            300,- kr

Annonser skal ha logo, annonsetekst og størrelse. I tillegg korrekt betaleringinformasjon (viktig i forhold til regnskap).

Annonser mm. sendes Jorunn på kontoret innen 20. februar.

## 10/20

Årsmeldinga 2019 til årsmøtet 14-15. mars.

Oppbygginga blei gjennomgått og oppgaver fordelt.

Viktig at lokallaga legg inn aktivitetsrapporten (lokal årsrapportering) via NBK sitt skjema for å bli med.

Som program ønskes Ellen Krageberg, Marit sjekker.

I plassen for helsing frå Ordfører ønskes presentasjon frå ein region; Gjøvik og Toten. Kari tek ansvar.

Helga ber Presten i Øyer kome med ord for dagen. (søndag ca. kl.09.00-.09.15)

## 11/20

Krafttak mot Kreft

OBK oppfordrer lokallaga til deltakelse og å lage arrangement rundt aksjonen.

## 12/20

Runde rundt bordet:

Mari Marthe:

- Østre Gran: Jobber med årsmøtesak om nedlegging av fylkesleddet. Ellers stor aktivitet.
- Brandbu: Bl.a. juletreffest og kaste ut jula med aktivitet som passer til på Frivilligsentralen.
- Jevnaker: Avleggerauksjon og andre faste aktiviteter. Klarerer kor laget høyrer til; Oppland eller Viken.
- Torpa: Stor aktivitet ang. ny utgave av boka om Bygg og mye mer. Mye medieomtale. Planer om kurs, utflukt og kompetanseheving i forhold til mat osv.
- Nordre Land: Jobber med årsmøtesak ang. kontigent. Ønsker differensiering for å behalde medlemmer.
- Østre Gran og Brandbu planlegger stormøte med Einar Risvik om bygg og har invitert med Torpa.

Helga:

- Sjå sak 08/20
- Var på 85-års jubileum i Venabygd BK i november
- Har ikkje innhenta informasjon frå lokallag, men melder om god aktivitet frå dei fleste laga.

Kari:

- Vestre Toten og Vardal melder om stor aktivitet, det same frå andre lag.
- Kolbu har gått over til Østre Toten. De fleste medlemmene har blitt med eller gått over til Vestre Toten.

- stor aktivitet med bl.a bedrifts- og skolebesøk.

Anne Grethe:

- Har ikkje fått rapporter frå lokallaga, men melder om fint juleverksted i eget lag. I tillegg 1/2-års plan med utflukt og klessalg på planen.

Kristine/OBU: ( Vi er imponert!)

- Stor aktivitet med innspel til 12-13 vedtektsendringer på Lansmøtet 2019.
- BP aksjonsveke med fokus på gjenbruk
- Uttalelser til media
- Regionreformen
- Avventer samanslåing Hadelandslag.
- Tettare samarbeid med Hedmark, men ikkje samanslåing
- Godt haustkurs i september med org.arb som hovedtema.
- Årsmøte på Sanner, Granavoll i februar
- Revy Gausdal Kulturhus 28. mars
- Haustarrangement for NBU på Hadeland oktober 2020. Treng vakter til "alt mulig" og sender henvendelse til regionen.

Bjørnhild OBL:

- I mars blir det Innlandet Bondelag, felles økonomi fra 1. januar.
- Slagord 2020: KJØP NORSK, KJØP SESONG, SPIS OPP
- Arbeider med organiseringen/representasjon i forhold til fylkessamanslåing.
- Hovedfokus politikk og fag

**13/20**

Eventuelt:

Helga melder forfall på OBU sitt årsmøte, og ber om at Mari Marthe møter med Marit som vara.

Marit framheva Borgny sin innsats med adventskalenderen for OBK i 2019. Omfattande, gjennomarbeidd og mykje fint å lesa. Stor ære til Borgny for dette bidraget til marknadsføring! Håper fleire lag ser nytten i å bidra neste år!

Mari Marthe oppfordra oss til å reflektere over om vi utgjør ein forskjell -for kven og korleisDet kjem eit refleksjonsnotat frå ho, aldri dumt å stoppe opp litt og tenkje over egen aktivitet.

Møtet slutt kl. 15.00.

**Neste styremøte: Lørdag 8.februar 2020 for sammenfatning av årsmelding og klargjøring for årsmøte.**

Ref. Astrid Stubrud